Woxmyhr med Beinavikjo-minnar

28.08.2011

Ivar Woxmyhr har mange minnar frå Uskedalen (Foto: Kjell Magne Haugland)

Den fantastiske fiolinisten Ivar Woxmyhr i Vestlandsfanden trødde sine første barnesko i Uskedalen.
Frå han var født i 1952 og fram til 1960 budde han på Vikjo.

Far hans, Ole Woxmyhr, var telegrafbestyrar i Uskedalen.

Vi hadde ein koseleg prat med Ivar etter konserten.
Han har mange gode barneminner frå bygda. Han hugsar spesielt godt Rachel og Lars Ljosnes som og budde på Vikjo.

Dei var som besteforeldre for den vesle guten.
Han ramsar opp namn han hugsar: Sigurd Arne, Svein, Anne Bodil,
Joa og ikkje minst Yri-jentene.

Vidare mimrar han om korleis det var på Telegrafen i Uskedalen på den tida.
Stort sett all telefontrafikk frå Kvinnherad og ut til den store verda, måtte
ekspederast av telefondamene på Vikjo. Her hugsar han spesielt fru
Valvatne og montør Ripel.

Ein episode sit som spikra: I 3 – 4 årsalderen var Ivar ute og sykla med
trehjulsykkelen. Kaiområdet var fint med støypt plate og lett å trø.
Uhellet var ute og Ivar sykla på sjøen. Heldigvis var Siggen Arnesen
inne i butikken, visstnok ganske tilfeldig.
Han såg kva som skjedde og hoppa uti og klarte å redda den vesle guten. Denne
hendinga kunne lett fått eit heilt anna og tragisk utfall.

Frå Uskedalen flytta familien Woxmyhr til Odda der Ivar budde til han var vaksen.
No bur Ivar i Oslo. Her er han musikklærar.

Ganske ofte sit han seg saman med dei andre
bandmedlemmene inn i bussen og reiser land og strand rundt
for å gle folk med konsertar.

Av Kjell Yri